



Tidar Å

PROGRAM 2009



PEER GYNT

Velkommen til den økosofiske Peer Gynt!

TidarÅ er gamalnorsk for tidens elv – eit bilde Henrik Ibsen brukar i Peer Gynt. Forestillinga presenterer to motstående karakterar, Peer og Solveig, og deira totalt ulike tilnærming til tid. Storforbrukaren Peer hastar frå mål til mål, og vil ha ein fyldigast mogleg cv når livet tek slutt. Solveig handlar så langsamt og langsiktig at ho godt kan la ting vente til neste generasjon – og ho nyt vegen mot målet. Dagens klimakrise som fylgje av overforbruk og høgt tempo gjer difor historia meir aktuell enn då Ibsen opplevde starten på den industrielle revolusjonen. Då FRIKAR dance company fekk i oppdrag å laga den nye oppsetjinga i Fryajuvet under Peer Gynt-stemnet, falt valet på å synleggjera Peer med utmattande, dyrisk og akrobatisk dans medan Solveig blir tolka gjennom mindre fysiske uttrykk som song og moderne dans basert på ekstremt sein hallingdans. Mange Peer Gynt-versjonar tolkar Solveig som ein naiv og svak kvinnekarakter. TidarÅ presenterer ho som dei temporeduserande eigenskapane verda treng for å leva vidare. Vi har valt å omgå intrigespelet i Peer Gynt, og gje ei reinast mogleg økosofisk tolking av Peer Gynt. Henrik Ibsen innførte uttrykket å gå inn i naturen, og vi ynskjer å gje publikum denne kjensla i møtet med fosseduren i Frya. FRIKAR ynskjer å berike samtidskunsten med kvalitetar frå norske tradisjonar danserisk og musikalsk. Samtidsdansarane har blitt drilla i lausdansens akrobatiske konsept og akrobatane blir utfordra på det intrikate. Gjer deg klar for ein times "raffinert råskap" med FRIKAR dance company.



Hallgrim Hansegård

Hallgrim Hansegård, koreograf/FRIKAR

Koreograf Hallgrim Hansegård vaks opp med hardingfele, folkedans og fjellklatring i Valdres, langt frå næraste teaterscene. Etter fem års kunstutdanning i Lofoten og Firenze samt kinofilmen «Opse» i samarbeid med Andreas Ljones etablerte Hansegård FRIKAR dance company i 2005, eit kunstnarkollektiv for «raffinert råskap», meistringsglede og frykt. Han har blant anna koreografert «Undergrunnsfargo» og «Isolations» i 2005, «Laus» i 2006, «Bastard», «THE SNUFF GRINDERS» og «KRUK!» i 2007, «Bukkerittet» for Peer Gynt AS i 2008, «Yr» og «Fairytale» i 2009. Sistnevnte vann Eurovision Song Contest same året.

TidarÅ – musikken og muskarane



Andreas Skeie Ljones, komponist

Inspirasjon og respekt for folkemusikken, rytmisk leik, melodisk alvor, utforsking av moderne teknologi, tett kontakt mellom komposisjon og koreografi, og tett kontakt mellom muskarar og dansarar er dei bærande elementa i FRIKAR-musikken.

Etter at samarbeidet med Hallgrim Hansegård verkeleg kom i gang i seine nattetimar under produksjonen av Peer Gynt i Kairo 2006, kjem TidarÅ som eit naturleg FRIKARhøgdepunkt så langt. FRIKAR har frå starten av satsa sterkt på live musikk på sine forestillingar og til TidarÅ har kompaniet lokka til seg muskarar i toppsjiktet innafor sine felt. Komposisjonane er spesielt tilpassa utøvarane sine utrykk samtidig som dei utfordrar både musikalsk og scenisk. Gunnhild Sundli si formidlingsevne og stemmemessige variasjonsmuligheter beskriv alt frå Solveig sin lengt til forlisets redsel, Rolv Olav Eides leikne rytmeutøving driv dansarane og historia framover, mens Terje Isungset sin naturbeskrivande perkusjon fargelegg og utfordrar lydiletet saman med lydane frå elva.

Musikken til TidarÅ er laga som ei helsing til spelemenn som Fel Jakup, Sjugurd Garmo og Hans Brimi, som med sine naturbeskrivande komposisjonar har vore til stor inspirasjon for skapande utøvarar i Gudbrandsdalstradisjonen.

Komponist Andreas Ljones har bakgrunn som folkemusikar på vanleg fele i Gudbrandsdalstradisjon, og har si utdanning frå Norges Musikkhøgskole. Sidan 2003 har Ljones kombinert rollen som utøvar på fele og hardingfele med utvikling av ny musikk innafor folkemusikkgenren og skrevet musikk til folkemusikkgruppa Majorstuen, Andreas Ljones Band, samt laga bestillingsverk for forskjellige besetningar og vore festivalkomponist for fleire festivalar. For 2 år sidan gjekk inn som fast komponist og medprodusent i FRIKAR og dette har til nå resultert i forestillingane Kruk, The Snuff Grinders, Mjøl, Frikar i Symfoni saman med Oslofilharmonien og sommarshowet til Alexander Rybak.

TidarÅ

TidarÅ – scene for scene (med atterhald om kunstnarisk motiverte endringar etter trykk)

SCENE 1 Bukkerittet: Den dyrisk følsame Peer i form av Sudesh Adhana, Navid Rezvani, Sigbjørn Rua og Anders Aasberg.

SCENE 2 Brudlaupet: Nasjonalromantikken møter realisme. Alle dansarane. Hallingsoloar ved Silje Onstad Hålien, Sigbjørn Rua og Anders Aasberg.

SCENE 3 Dovregubbens hall: Peers møte med ein utfordrande kultur og estetikk. Tøysolo ved Sudesh Adhana, rytmisk dansesolo ved Sulekha Ali Omar.

SCENE 4 Forbrukaren Peer møter Bøygen: Peer i form av breakaren Navid Rezvani møter begrensa handlingsrom ved Bøygen Terje Isungset

SCENE 5 Solveig ved rokken: Gunnhild Sundli dansar med berget.

SCENE 6 Hamskiftet: Solveig bryt med røtene og religionen sin til fordel for Peer. Solveig ved Vilde Viktoria Madsen, Marianne Haugli, Ane Evjen Gjøvåg, Sulekha Ali Omar og Silje Onstad Hålien.

SCENE 7 Møtet i skogen: Peer og Solveigs fyrste møte på eige-hand. Dansa av Vilde Viktoria Madsen og Christer Tornell. Mette Hjall og Einar Nikkerud på berget.

SCENE 8 Måltidet: Forbrugsstraumen flyt over, alle dansarane i fritt fesjå.

SCENE 9 Solveigs sang: Kanskje vil der gå både vinter og vår... Gunnhild Sundli med dei kvinnelege dansarane.

SCENE 10 Anitras dans: Materialismens overgrep på pardansens sjel. Duetter med Marianne Haugli og Christer Tornell, Sulekha Ali Omar og Sigbjørn Rua, Silje Onstad Hålien og Sudesh Adhana.

SCENE 11 Peers anger: Draumeduett mellom Solveig og Peer ved Ane Evjen Gjøvåg og Hallgrim Hansegård.

SCENE 12 Forliset: Overlevingsinstiktet tek grep om moralen. Alle dansarane.

SCENE 13 Knappestøyparen: Individet skal støypast om til massen for ein mindre forbrukande og meir ber ekraftig start?! Alle dansarane.

SCENE 14 Gravlegginga: Lyset går på tidas elv.

PRODUSENT: Peer Gynt AS
KOREOGRAFI/INNSTUDERING: Hallgrim Hansegård
MANUS: Hallgrim Hansegård
KOMPONIST: Andreas Skeie Ljones
ASS. KOREOGRAF/PRØVELEIAR/INNSTUDERING: Nina Lill Svendsen
KOSTYMER: Silje Ulekleiv
DRAMATISK RÅDGIVING: Line Rosvoll
LJOSDESIGN: Sigve Sælendsminde
LJOSMESTER: Kyrre Karlsen
LYD: Tor Magne Hallibakken
DRAMATISK RÅDGIVING: Line Rosvoll
PRODUKSJONSASSISTENT: Karina Aase
INSPISIENT: Alice Strøm Nilssen

ARENA: Fryajuvet/Bersveinshølen
VARIGHEIT: 60 minuttar. Ingen pause

PEER: Alle dansegutane: Sudesh Adhana, Sigbjørn Rua, Anders Aasberg, Navid Rezvani og Hallgrim Hansegård
SOLVEIG: Gunnhild Sundli (songar), Alle dansejentene: Vilde Viktoria Madsen, Marianne Haugli, Ane Gjøvåg, Silje Onstad Hålien og Sulekha Ali Omar
BØYGEN: Terje Isungset (perkusjonist)
DEN GRØNKLEDE: Sulekha Ali Omar

Dei andre karakterane, som Knappestøyparen, blir uttrykt som eigenskapar av alle dansarane.

ANDRE MEDVERKANDE: Andreas Ljones (komponist og felespelar)
 Terje Isungset (perkusjonist)
 Rolf Olav Eide (perkusjonist)
 Gunnhild Sundli (songar)

LOKALE DANSARAR: Mette Pedersen
 Kristine Berget
 Mathilde Folke-Olsen
 Elin Sollien
 Frøydis Haugen
 Vilde Volberg
 Benedicte Sundkvist
 Einar Nikkerud
 Christine Bratvold
 Mette Hjall